

NUPI-LIBRARY
P. b. 8159 Dep.
0033 Oslo 1

NOTAT
NUPI
P A P E R

Nr.433 Oktober 1990

Daniel Heradstveit

**KOMMUNISMENS FALL OG
IDEOLOGISK NYSKAPING**

norsk
utenrikspolitisk
institutt



NUPI

norwegian institute of international affairs

ISSN 0800-0018

Alle synspunkter står for forfatterens regning. De må ikke tolkes som uttrykk for oppfatninger som kan tillegges Norsk Utenrikspolitisk Institutt. Denne artikkel kan ikke reproduseres - helt eller delvis - ved trykking, fotokopiering eller på annen måte uten med tillatelse fra forfatteren.

Any views expressed in this article are those of the author. They should not be interpreted as reflecting the views of the Norwegian Institute of International Affairs. This article may not be reprinted in part or in full without the permission of the author.

**NORWEGIAN INSTITUTE
OF INTERNATIONAL AFFAIRS**


**NORSK UTENRIKSPOLITISK
INSTITUTT**

**P.O.Box 8159 Dep.
N-0033 Oslo 1
NORWAY**

Tlf: (47) (02) 17 70 50

Daniel Heradstveit

**KOMMUNISMENS FALL OG
IDEOLOGISK NYSKAPING**



Norsk Utenrikspolitisk
Institutt
Reg. nr. 146

E: Ideologies
Communism
Socialism
NUP
NUP not at
Political systems
Nationalism

G: USSR
Eastern Europe

OK

KOMMUNISMENS FALL OG IDEOLOGISK NYSKAPING

I 1922 blei forbundsrepublikken Sovjetunionen danna. I prinsippet skulle republikkane i unionen stille likt, men i praksis har den eine republikken, Russland, ei særstilling. Skrellar vi av den kommunistiske ideologien som seier at alle republikkar skal vere sameina under sosialismens, solidaritetens og likskapens fane, står vi igjen med eit koloniherrredømme av klassisk merke.

Vidare skulle "det sosialistiske mennesket" vere fridd frå nasjonalismen og religionens åk. Det motsette har skjedd. I enkelte republikkar finn ein i dag både nasjonalisme og religionsutøving av langt sterkare farge enn før revolusjonen i 1917.

Det kjem stadig meldingar om opprør innan det sovjetiske imperiet også frå område som ein må tru er lite kjende for dei fleste. Sovjet er i rørsle og opprør, og konsekvensane vil bli dramatiske.

På kort tid har vi sett Willy Brandt tale ved ein fallande Skammens mur.

På kort tid har vi sett diktatoren Ceausescu gå døden i møte.

Og vi har sett president Gorbatsjov forlate Den røde plass - det totalitære kommunismens Mekka - under pipekonsert frå det undertrykte og plaga russiske folket.

På kort tid har vi vore vitne til samanbrot i kommunistparti og eittpartisystem, vi har sett overgangen til demokrati og marknadsøkonomi.

På kort tid har vi vore vitne til endringar i Sovjetunionen som tidlegare ville vere utenkjelege.

Rustningskontroll og nedrustning er sett høgt på dagsorden i viktige internasjonale møte.

Viljen til europeisk samarbeid og integrasjon har fått fornya styrke.

Difor er inngangen til 90-åra prega av optimisme, ikkje berre i europeisk, men òg i internasjonal politikk.

Meir enn noe anna viser hendingane det siste året at det

nasjonale representerer sterke drivkrefter i historia.

Den kommunistiske draumen om det sosialistiske mennesket fridd frå nasjonalismen og religionens åk, vil aldri kunne oppstå igjen. Europa har lagt den bak seg.

Den moralske kraft i folkeviljen i Aust-Europa er framfor alt knytt til det nasjonale. Kommunismens abstrakte og framande symbol er bytt ut med symbol som minner om den nasjonale arv.

Nasjonalismens tilbakeskodande ideologibygging

Gamle historiske tvistar som er lagt "på is", kan få nytt liv gjennom nasjonalismens tilbakeskodande ideologibygging; nasjonalistar hentar gjerne liv frå fortidas "glans". Grupper som i ly av Sovjetimperiet har hatt eit visst vern mot overgrep frå majoritetsgrupper, kan risikere å miste dette vernet. Austeuropeiske statar som frigjer seg frå Sovjetunionen, søker det europeiske fellesskapet. Dette fellesskapet representerer ei motvekt mot indre splid og oppdeling av statane. Republikane i Sentral-Asia har ikkje eit slikt integrerande kraftfelt å søkje tilknytning til. Nasjonalismen skapt i kampen mot kommunismen kan komme til å vise sitt grimme og blodige ansikt.

Europa er eit lappeteppe av etniske grupper - utan gjensidig respekt mellom desse vil vi ikkje kunne snakke om demokrati.

Det har vore tankevekkjande å sjå korleis frykten for eit stort og mektig Tyskland framleis er levande.

Og i ly av Glasnost har den russiske jøde endeleg fått sin rett til å utvandre - men igjen er det tankevekkjande at denne utvandringa har skapt frykt og uro i det palestinske folket. Fridom for den eine kan lett bli ufridom for den andre.

Det er også eit tankekors og eit paradoks at i ly av Glasnost kjem antisemittismen igjen til overflata. Frå ein gryande anti-semittisme i Sovjetunionen og Aust-Europa, er anti-semittismen nå blitt meir synleg i Vest-Europa. Det går stille demonstrasjonar gjennom gatene i Paris, alt medan den støyande franske politikaren Le Pen fiskar stemmer i anti-semittismens grumsete vatn. Det blir eit tankekors at anti-semittismen - eit fenomen med opphav i dei mørkaste labyrintar i menneskesinnet-

som var fødd på Europas jord, nettopp i desse dagar blir gjenfødd i Europa. Seks millionar jødars liding og død er ikkje nok til at vi set sluttstrek.

Vi tenkjer gjerne i ei slags todeling, slik kampen mellom det gode og det vonde er døme på. Men politiske hendingar er naturleg nok ikkje anten det eine eller det andre. Det som nå skjer, er som det vakraste eventyr. Ein bør likevel ikkje lukke auga for at fjerninga av ein totalitær ideologi ikkje nødvendigvis fører oss inn i eit samfunn med fred og demokrati. Framfor alt er det viktig å merkje seg at Sovjetimperiet er ulikt samansett. Utviklinga går med ulik fart, og det som er "sanning" for Europa, er ikkje alltid "sanning" for Sentral-Asia.

I tsartida blei landet referert til som folkets fengsel. Fengselsmuren har slått store sprekkar. Men for alle som har sete lenge i fengsel, kan fridommen vise seg å bli problematisk. Vi ser alt at tilpassingsvanskar er i ferd med å melde seg. Det gjeld for Aust-Europa og dei baltiske statane, men kanskje det vil bli tilfellet i enda sterkare grad for Russland, Ukraina, Hvite-Russland og Sentral-Asia.

Vi er privilegerte som har gjennomlevd ein slik komprimert og revolusjonær periode i Europas historie. Vi har vore vitne til dei sjeldne øyeblikk i historia. Men som filosofen Adorno seier: ei kvar politisk rørsle ber kimen i seg til ei rørsle i motsett retning. Demokratiet og fridommen er på ingen måte vunne i Aust-Europa.

Hendingane illustrerer òg ekspertanes manglande evne til å kunne seie kva som vil komme til å skje. I ettertid kjem det mange gode forklaringar. Historia syner at dramatiske omveltingar kjem uventa. Dette synest å vere det normale snarare enn unntaket i internasjonal politikk.

Samfunnsforskning er like tafatt. Er det delvis fordi tilnæringsmåtane våre ikkje er særleg tilpassa det fenomenet vi skal forklare og predikere? Eg vil her foreslå at vi går inn i teoriar om symbolske prosessar som skaper politiske ideologiar som ein nøkkel til både å forstå og å avdekkje generelle orienteringar.

EIT TEORETISK BEGREPSAPPARAT FOR ANANALYSE AV IDEOLOGI.

Ideologibegrepet er vanskeleg å definere, og eg tek utgangspunkt i to sentrale forfattarar på feltet for å klargjere det. Arbeidet "The Nature of Beliefs Systems in Mass Publics" av Philip E. Converse er eit arbeid som er mye sitert (Converse, Philip E.: "The Nature of Beliefs Systems in Mass Publics" in David Apter (ed.) Ideology and Discontent, The Free Press, New York 1964).

Converse set likskapsteikn mellom ideologi og det han kallar for beliefs systems. Ved å sjå på ideologi som system, kan Converse behandle ideologi utifrå meir formaliserte vitskaplege framgangsmåtar. Dersom vi godtek utgangspunktet hans, å sjå på ideologi som eit system, er det straks lettare å setje opp testbare påstandar eller hypotesar enn når vi ser på ideologi som ei lausare tilknytning. I vitskapleg samanheng er system eit begrep som er klart definert, og der endring av eitt element i systemet nødvendigvis må føre til endring av andre element. Det er vel ikkje sikkert at alle fullt ut vil kunne godta systembegrepa hans når det er tale om ideologi. Forsking på sosialpsykologi har i den seinare tid komme til at ideelementa ofte er langt meir uavhengige av kvarandre enn ein liker å tru. Mennesket kan ha inkonsistente oppfatningar utan å oppleve det slik. Men vi er på linje med Converse når han hevdar at elitar tenkjer og resonnerer på ein måte som gjer at systembegrepet er relevant når det gjeld denne gruppa.

Converse påviser korleis ideologi avleirar seg ulikt i politiske elitar og i breie befolkningslag. Påstanden til Converse er at det er viktige og prediktive skilnader i "ideverda" mellom ulike lag av befolkningen i USA. Han finn viktige skilnader mellom politiske elitar på den eine sida og grasrota i den amerikanske befolkningen på den andre.

Utgangspunktet er at ideologiar er idear og holdningar som er knytte saman gjennom ei eller anna form for "constraint", at det er ein funksjonell avhengighet mellom idear og holdningar. Begrepet "constraint" blir sentralt. Converse påviser at det er gode grunnar for å hevde at holdninga ein person har på eitt

felt, vil setje han i stand til å seie kva holdning same person har på andre felt. Er ein person imot t.d. sjuketrygd, er det gode grunnar for å tru at Converse kan predikere at same person er imot nasjonalisering av privat industri, imot føderal hjelp til utdanning og imot sterk progressiv skatt osv. Dette er den statiske implikasjonen av begrepet "constraint". Men Converse trekkjer òg ut ein dynamisk implikasjon. Dersom ein person endrar holdning på eitt felt, vil dette tvinge fram endringar i holdningar eller ideelement på andre felt. Mao: ideelement og holdningar heng saman. Endring i eitt element fører til endring i andre element slik systembegrepet fortel oss.

Når Converse forklarar at det er slik, viser han til at individet opererer med tre kjelder til bindingar: logikk, psykologi og sosiale forhold. I avgrensa brokker av det ideologiske systemet vil kreftene mot logikk (konsistens) vere ei sterk drivkraft. Døme på dette kan vere politisk debatt om budsjett. Men meir interessant er det at Converse kjem fram til at ein ikkje vil kunne predikere karakteren av endring i eit ideologisk system gjennom logiske reknestykke. Individet nyttar svært ofte kvasilogiske argument med referanse til ein eller annan overordna verdi. Dermed oppdagar ein stadig uventa samanstillingar av ideelement hos individet som ikkje kan forklarast logisk. Karl Marx kom rett nok opp mot det vi kunne kalle for ein struktur av logiske læresetningar, men Converse snakkar om korleis ideologi avleirar seg i befolkningen, ikkje korleis store ideologiske tenkjarar skriv bøker.

At bindingar mellom ideelement òg har rot i psykologiske og sosiale røymsler, observerer vi stadig i nærmiljøet. Bindingar som vi synest høyrer naturleg saman, kan ofte utelukkande forklarast utifrå psykologiske og sosiale faktorar. Går vi frå eit miljø til eit anna, frå ein kultur til ein annan, vil vi bli overraska over å sjå kor ulikt individa kombinerer ideelementa.

Converse kjem fram til at bindingane i det ideologiske universet blir svakare i dei breie befolkningslag. Systembegrepet får her mindre forklaringskraft fordi ideelementa i individets kognitive struktur er lausrivne frå kvarandre. Det ideologiske universet er mindre eit abstrakt system, meir eit konkret.

Ein annan teoretikar på feltet som er mye sitert er Clifford

Geertz. Han kjem frå ein heilt annan vitskapstradisjon og arbeidet hans ber preg av dette. Han opererer ikkje med slike begrep som system og constraints, men konstaterer likevel at ideologi er samanhengande, omfattande, dualistisk, doktrinær, totalitær og futuristisk. Medan Converse i stor grad trekkjer på sosialpsykologisk teori, der vitskapsmodellen i stor grad er prega av den naturvitskaplege forskingsmodellen, beveger Geertz seg i ein meir humanistisk tradisjon. Når Converse snakkar om interrelaterte hypotesar knytte til ein teori, så er Geertz meir oppteken av idear. Operasjonalisering er eit hovudpunkt hos Converse, det gjeld å finne objektive mål for å teste hypotesane. Geertz nøyer seg med å reflektere og tenkje, han er argumenterande. Converse opererer naturleg nok med representative utval, medan Geertz nøyer seg med historiske eksempel. Med eit sosialpsykologisk perspektiv blir Converse sitt analysenivå knytt til individet, medan Geertz med rot i sosialantropologien er oppteken av kultur. Converse opererer innan eit relativt fastlåst paradigme. Geertz sin styrke ligg på det kreative og nytenkjande, jamvel om vi kan seie at Converse ved å overføre kunnskap frå sosialpsykologien på nye og ukjende empiriske felt, også er kreativ. Den vitskapstradisjonen som Converse tilhøyrer gjer han a-historisk, medan Geertz i si tilnærming nettopp legg vekt på historia. Det er ein styrke ved Converse at han kan komme med relativt presise prediksjonar, men da avgrensa til variasjon innan ein befolkning. Geertz er meir oppteken av dei store omveltingane i historia, og det er slike omveltingar vi skal ta for oss. Difor skal vi nå gå litt lenger inn i Geertz sin ideologidiskusjon med tanke på å belyse hendingane i Aust-Europa.

Geertz hevdar at ideologien byggjer bru frå slik tinga er til slik vi gjerne vil dei skal vere. Ideologi er utslag av frustrasjon og misnøye i samfunnet, det Geertz kallar for "a cry of pain". Symbolsk prosess tyder m.a. at dersom eit folk føler djup frustrasjon, vil frustrasjonen setje i gang ein prosess som leitar etter symbol som kan gi frustrasjonen mening. Eit menneske som kjenner djup sorg t.d. kan ha behov for eit dikt som set ord på det dette mennesket føler nettopp i denne situasjonen. Difor kallar Geertz ideologiskaping for "a cry of pain".

Frustrasjonen ligg både på det individuelle og på det kollektive planet. På individnivå har vi personlege spenningar, uvisse og misnøye. På det sosiale nivået har vi samfunnsmessige svakheter og strukturell inkonsistens. Når vi skal forklare framveksten av ideologiskaping, er dette eit komplekst samspel mellom psykologiske, sosiale og kulturelle faktorar. Vi merkjer oss at Geertz tek med kulturelle faktorar fordi han meiner at berre når vi kjenner kulturen, kan vi forstå korleis spenninga på det psykologiske og sosiale nivået kjem til uttrykk på det kulturelle.

Geertz hevdar at samfunnet er kronisk utilpassa. Det er ei stadig spenning mellom friedom/orden, stabilitet/endring, effektivitet/menneskelegheit, presisjon/fleksibilitet. I denne situasjonen har ideologien fleire funksjonar. Den kan peike ut symbolske uvenner - syndebukkar - som forklarar spenninga, og den kan vere moraliserande slik at vi godtek spenning og urettferd. Men ideologi er også solidaritetsskapande og den er argumenterande ved at den set ord på spenninga i sosiale kontekstar.

Utifrå dette kan ideologien både tilsløre og avsløre. Den kan stabilisere eller bringe i ubalanse sosiale forventningar, vedlikehalde eller underminere sosiale normer, styrke eller svekkje sosial konsensus, hindre eller auke sosial spenning. Geertz sitt hovudargument er at for å forstå ideologi, må vi forstå den symbolske prosessen, at studiet av ideologi i for liten grad har vore oppteken av nettopp denne. Det er her Geertz meiner vi treng retorisk teori.

Han konstaterer at tenking, konseptualisering og formulering består av ein prosess der symbol blir utprøvde mot den situasjonen ein står overfor. Mao: ein er ikkje berre bevisst noe, men også at noe er noe. Dette gjeld både på det kognitive og det affektive planet.

Geertz stiller spørsmålet: Når oppstår nye ideologiar? Det skjer når vi ikkje lenger har kulturelle ressursar (retorikk) som gir spenninga eller frustrasjonen mening eller som gjer at vi forstår. Ideologiens rolle er å gjere uforståelege sosiale forhold forståelege. Dersom vi har ein ideologi som ikkje maktar dette, oppstår behovet for ein ny ideologi. Det er ideologien som

gjer det mogleg for mennesket å handle målretta i situasjonar med stor frustrasjon og spenning. Dette er grunnen til at store politiske omveltingar vil krevje ei ny symbolsk ramme for å formulere, tenkje på og reagere på politiske problem. Ideologien blir kartet for ein problematisk verkelegheit slik den vi i dag har i Sovjetunionen og Aust-Europa.

Når det politiske systemet frir seg frå det tradisjonelle, kjem ideologien fram og får fotfeste. Det er når vi står ovafor eit ukjent terreng, at vi treng kart. Når samfunnet taper tidlegare orientering, slik som når den politiske orden blir diskreditert, eller ikkje lenger blir truud på, gir dette opphavet til ideologisk aktivitet. Når folket miste trua på at kongen hadde fått si makt frå Gud, miste det òg det sentrale organiserande prinsippet for sosialt liv. Nye ideologiar oppstår som gjer det mogleg å handle målretta. Ideologien skaper ein kollektiv bevissthet for ein problematisk sosial verkelegheit. Dei omveltingar vi har sett i Aust-Europa og Sovjetunionen krev nye symbolske rammer for å formulere, tenkje på og reagere på politiske problem. Dei bestemmande kreftene for denne ideologiskapinga er ikkje berre sosiologiske og psykologiske, men òg delvis kulturelle, og rettar seg mot begrep og symbol. Det er ein tredimensjonal prosess som rettferdiggjjer at vi studerer ideologi på ein vitskapleg basis.

For betre å forstå dei symbolske prosessane som skaper nye ideologiar, drøftar Geertz skilnaden mellom vitskap og ideologi.

Medan vitskapen legg vinn på å uttrykkje seg nyansert i eit omstendeleg språk, er det motsette tilfelle med ideologi. Der blir det sett skarpe linjer mellom svart og kvitt.

Ideologiske uttrykk er ikkje nødvendigvis logiske. Men det tyder ikkje at dei språklege uttrykka ikkje kan kommunisere ein sosial verkelegheit på ein riktigare og meir kraftfull måte enn vitskapen. Metaforen vil aldri vere heilt logisk, men den kan likevel summere opp ein kompleks sosial verkelegheit på ein meiningsfull måte. På same måten som vitskaplege studiar av religion ikkje begynner med spørsmål om legitimiteten til "substantial claims of their subject matter" bør iflg. Geertz heller ikkje vitskaplege studiar av ideologi begynne med slike spørsmål, men begynne med den symbolske strategien som dei to

tenkjeformene - den ideologiske og den vitskaplege - nyttar for å ramme inn den situasjonen dei vil representere.

Da ser vi at den vitskaplege språkbruken er tilbakehalden og analytisk, den skyr semantiske konstruksjonar som mest effektivt formulerer moralske kjensler. Vitskapleg språkbruk søkjer å maksimere intellektuell klarhet. Det er viktig å vere upartisk i forhold til situasjonen.

Ideologien derimot er oppteken av å strukturere situasjonen på ein slik måte at holdninga til den representerer ei binding. Handlingskomponenten blir sentral. For å motivere handling, nyttar ein verbale konstruksjonar som vitskapen skyr.

Likevel har dei noe til felles. Både vitskap og ideologi er opptekne av å definere ein problematisk situasjon, ein kompleks sosial verkelegheit, og begge har eit følt behov for meir informasjon. Men typen informasjon dei søkjer er likevel ulik. Vitskapen representerer den diagnostiske, kritiske dimensjonen medan ideologien er rettferdiggjjerande og apologetisk, den er oppteken av etablering av og forsvar for førestellingar og verdiar. Det er difor naturleg at vitskap og ideologi kolliderer, spesielt når ein skal tolke same type situasjon. Dermed er det ikkje sagt at samfunnsvitskapen nødvendigvis vil underminere ideologien. Det treng ikkje vere noen motsetning i det å vere kritisk og i det å vere apologetisk vis-à-vis same situasjon. Dei to aktivitetane kan iflg. Geertz bli synkroniserte. Ein kan male eit bilde av ein fugl som både held estetiske og ornitologiske krav.

Vitskapen søkjer sanning. Men å hevde at ideologi ikkje er sann, men formidlar eit falskt bilete av verkelegheten, er ein problematisk påstand. Ideologien hentar si overtydingskraft frå det som blir trudd. Det som er utopi i dag, kan bli vitskapleg korrekt i morgon. Sagt på ein annan måte: Det som ikkje er sanning i dag, kan bli sanning i framtida.

Både vitskap og ideologi kjem med påstandar om tilhøve i eit samfunn. Begge tek utgangspunkt i verkelegheten, men verken vitskap eller ideologi ønskjer å godta verkelegheten slik den er, dei tek sikte på å endre den. God vitskap kan hindre ideologisk ekstremisme, på same måte som konkurrerande ideologiar kan tene ein slik funksjon.

Clifford Geertz viser stadig til den symbolske prosess som berre kan forklarast ved også å inkludere den kulturelle variabel. Men Geertz går ikkje særleg mye lenger enn til å konstatere dette. Vi vil gå nærmare inn på symbol og symbolske prosessar som vil danne utgangspunktet vårt for den empiriske analysen.

POLITISKE SYMBOL

Det er få analytiske begrep som blir brukte på så mange ulike og til dels forvirrande måtar som begrepet symbol. Innanfor semiotikken nytta Peirce symbolbegrepet slik at det langt på veg svarte til det Ferdinand de Saussure kalla vilkårlege og konvensjonelle teikn, medan Saussure kalla symbol det som var ikonar for Peirce.

Ulike fagdisiplinar bruker symbolbegrepet på svært forskjellige måtar. I matematikken finst det heilt presise og utvetydige konvensjonar for somme symbol (til dømes +, ,), medan andre symbol (t.d. x, y og z) står for opne, lømme og heilt abstrakte kategoriar. For psykoanalytikarane har derimot symbola eit løynd og tvetydig meiningsinnhald. I arbeidet med å tolke draumar såg Freud på draumesymbol som noe som står for noe anna: bak eit "manifest" uttrykk i draumen ligg det eit løynd, "latent" innhald. Freud hevdar difor at draumane uttrykkjer ting vi ikkje opent vil vedkjenne oss, ikkje eingong for oss sjølve, t.d. undertrykte ønske og lyster. Oppgåva til psykoanalytikaren er dermed å prøve å gjette seg til kva desse private, meiningsladde symbola kan tyde.

Somme samfunnsforskarar identifiserer det symbolske med semiotisk (dvs. meiningsskapande) aktivitet i det heile. Til dømes taler ein del sosialantropologar gjerne om kultur som ei samling av ulike symbolsystem, slik som språk, ekteskapsreglar, kunst, vitskap og religion. Samtidig bruker antropologar også symbolbegrepet på ein meir avgrensa måte. Ein nokså representativ definisjon er den som Abner Cohen (1976, s. 23) gjev:

"Symbol er gjenstandar, handlingar, relasjonar eller språklege formasjonar som står tvetydig for eit mangfald av

meining, som kallar fram kjensler og driv folk til handling."

Med andre ord kan nærast kva som helst bli til eit symbol, berre det får desse eigenskapane. I ein slik samanheng kan vi seie at atombomba, det amerikanske flagget, Nelson Mandela, namnet "Judea og Samaria" og massakrane i flyktningeleirane Sabra og Shatila kvar på sin måte er blitt til politiske symbol. Dette symbolbegrepet kan difor vere nyttig for oss i analysen av politisk retorikk. Noe av det som kjenneteiknar slike symbol, er at dei er "kollektive representasjonar", dvs. at dei er kulturelle og ikkje private, samtidig som dei kan bety fleire ting på ein gong, ulike ting for ulike personar og forskjellige ting i ulike situasjonar. Det er mellom anna dette som kan gjere symbol så kraftfulle og effektive i politisk retorikk.

Skal vi kunne nytte dette begrepet på ein presis måte i semiotisk analyse, må vi prøve å setje det i høve til dei andre hovudbegrepa i semiotikken, særleg teikn, ikon, indeks, denotasjon, konnotasjon, metafor og metonym. Dette er ikkje enkelt fordi symbolbegrepet er utvikla utanfor den semiotiske fagtradisjonen. "Symbol" overlappar i ein viss grad noen av hovudbegrepa i semiotikken samtidig som det fangar inn ein del fenomen som den tradisjonelle semiotiske terminologien ikkje får så godt tak på.

Teikn og symbol

Medan eit teikn vanlegvis har ei relativt eintydig, denotativ meining, er ikkje dette på same måten tilfellet med symbol. Ved sida av at symbol på denne måten er fleirtydige, legg Cohen (1976, s. 24) vekt på at symbol vekkjer kjensler på ein måte som eit vanleg teikn ikkje treng gjere. Likevel er det først og fremst tale om ein skilnad i grad, avhengig av kor mange, kor motstridande og kor intense kjensler det vekkjer, og i kva grad det driv folk til handling.

Vi bør sjå på skilnaden mellom teikn og symbol langs fleire dimensjonar. Den første er skiljet denotativ/konnotativ. Sjølv om

teikn ofte har konnotasjonar knytte til seg, kan eit teikn godt vere reint denotativt og eintydig. Eit symbol er derimot alltid konnotativt og fleirtydig. Dette betyr ikkje berre at konnotasjonane har hekta seg på ei denotativ grunntydning. Konnotasjonane er blitt så kraftige at dei nærmast har teke over meininga til symbolet, slik at ein ikkje lenger kan seie at symbolet har noe klar denotativ grunntydning. Eit symbol har med andre ord eitt uttrykk, men mange innhald. Det er dette som får Victor Turner (1975) til å seie at symbol er "multivokale" (dvs. "fleirstemmige", medan teikn er "univokale". Eco (1984, s. 130-163) er inne på noe av det same ved å leggje vekt på at det som kjenneteiknar symbol, først og fremst er "a vagueness of meaning" som gjer dei opne for fleire tolkingar.

"What is frequently appreciated in many so-called symbols is exactly their vagueness, their openness, their fruitful ineffectiveness to express a "final" meaning, so that with symbols one indicates what is always beyond one's reach" (s.st. s. 130).

Meining og kjensler

Ein annan dimensjon som skil symbol og teikn, er at symbol i langt større grad appellerer til kjenslelivet. Enkelte teikn har sjølvstøtt kjensleladde konnotasjonar knytte til seg, slik orda /tosk!/ og /slange/ vekker negative kjensler hjå dei fleste. Men denne evna til å vekke kjensler og drive folk til handling er ein langt meir typisk og grunnleggjande eigenskap ved symbol enn ved teikn.

Sosialantropologen Victor Turner (1964, s. 30) hevdar at meininga til symbolet samlar seg rundt to "polar", den ideologiske og den emosjonelle ("the sensory pole"). Den ideologiske polen refererer til sider ved den sosiale og moralske orden, til dei grunnleggjande verdiane og normene som samfunnet kviler på. Den emosjonelle polen viser til djupe, menneskelege erfaringar som har å gjere med liv og død, eksistens, redsle, glede, attrå, hat, kjærleik og andre livsprosessar. Meininga til

eit symbol vil oftast vere knytt til begge desse polane, men i mange tilfelle ligg hovudvekta på den eine eller andre sida. /Blod/ er eit nokså vanleg symbol i politisk retorikk, slik vi t.d. finn det i det palestinske slagordet /Med blod og eld skal vi frigjere Palestina/. Her har symbolet /blod/ sterk samanheng med den emosjonelle polen, mao. kjensler knytte til liv og død. Men symbolet kan og setjast i samanheng med viktige sider av palestinsk ideologi (Johnson 1978 og 1982, Sayigh 1979) omkring betydningen av væpna kamp og martyrdom (det vanlege ordet for geriljasoldatar, /fedayin/, tyder "dei som ofrar seg sjølve").

Ein annan sosialantropolog, Sherry Ortner, har vore inne på noe liknande, men ikkje heilt det same, ved å skilje mellom det ho kallar oppsummerande og elaborerande (dvs. utdjupande) symbol. Eit oppsummerande symbol er slike symbol som komprimerer, uttrykkjer og representerer på ein sterkt emosjonell og nokså udiffereinsierte måte kva systemet betyr for deltakarane (Ortner 1973, s. 1339). Som døme nemner ho det amerikanske flagget, som oppsummerer det ein kan kalle "the American Way": eit konglomerat av kjensler og idear slik som demokrati, fritt næringsliv, konkurranse, hardt arbeid, framsteg, fridom, osv. Flagget oppsummerer og pressar saman alle desse komplekse ideane i ei heilskapleg form. Men slike oppsummerande symbol oppmuntrar ikkje til refleksjon. Snarare presenterer dei ei heil "meningspakke" som ein må ta stilling til på grunnlag av eit val mellom alt eller ingenting: "Our flag, love it or leave!"

Eit utdjupande ("elaborerande") symbol verkar på motsett måte ved å forsyne oss med reiskapar for å skape orden i kompliserte og udiffereinsierte kjensler og idear, slik at vi kan gjere dei forstålege for oss sjølve og kommuniserbare overfor andre (Ortner 1973, s. 1340). Slike symbol står sentralt i kulturen fordi dei hjelper oss til å ordne verkelegheten og dei ofte forvirrande erfaringane vi gjer oss.

Dette skiljet mellom oppsummerande og utdjupande symbol har mykje til felles med begrepsparet affektivt og kognitivt slik det særleg blir nytta i sosial-psykologien. Begrepet kognitivt går på tenking og forståing, medan affektivt siktar til kjensler og verdiar.

Ortner hevdar vidare at utdjupande symbol kan vere på to

ulike måtar. Dei kan først og fremst vere ei kjelde for kategoriar vi kan bruke for å forstå hendingar og fenomen, og er på denne måten "gode å tenkje med". Eller dei kan ver "gode å handle ut frå" ved at dei formulerer strategiar for korleis ein kan oppnå sentrale kulturelle målsetjingar og verdiar.

Den første typen symbol er gjerne basert på metaforar som fører saman ulike sider ved tilværet og dermed får oss til å sjå nye samanhengar. Som døme nemner Ortner korleis kveget til det afrikanske Dinka-folket fungerer som eit grunnleggjande symbol i dette samfunnet. Kveget gjev opphav til ei endelaus rekkje med kategoriar. Måten Dinka-folket oppfattar fargar, lys og skugge i verda rundt seg på har nær samanheng med korleis dei kategoriserer fargane på kyrne sine. Tok ein frå dei vokabularet for kvegfargar, kunne ikkje folk skildre visuelle erfaringar ved hjelp av begrep for farge, lys og mørke. Enda viktigare er det at Dinka-folket forstår strukturen i sitt eige samfunn ved hjelp av analogiar til oxen sin fysiske struktur: "Folket er sett saman slik oxen er sett saman." Sosiale statusar og funksjonar og tilhøvet mellom dei ulike sosiale kategoriene i samfunnet forklarar Dinka-folket ved hjelp av denne metaforen (Lienhardt, sitert i Ortner 1973, s. 1340-1341).

Andre symbol er som nemnt meir retta mot handling enn mot tenking. Eit slik handlingsretta symbol formulerer korleis ein skal gå fram for å oppnå det kulturen set opp som sentrale mål og verdiar. "The selfmade man" som startar frå botnen, men som gjennom hardt arbeid oppnår suksess og rikdom, er eit slik handlingsretta symbol i amerikansk kultur, I palestinsk politisk ideologi er geriljasoldaten og geværet hans, "Kalashnikov", begge sentrale symbol som seier noe om at det berre er gjennom væpna kamp at palestinarane kan vinne tilbake heimlandet sitt. Det er på denne måten vi kan seie at slike symbol formulerer sentrale kulturelle handlingsstrategiar.

Det symbolske uttrykket

Som vi har vore inne på, kan nærmast kva som helst bli eit symbol. Dette kan vi illustrere med utgangspunkt i inndelinga til

Peirce i dei tre hovudtypane teikn: ikon, indeks og det vilkårlege teiknet (som han i motsetning til oss kallar "symbol"). Turner (1975, s. 150-152) hevdar at symbol først og fremst er ikoniske.

"Symbol is distinguished from sign both by the multiplicity of its [meanings] and by the nature of its signification. In symbols there is some kind of likeness [vår utheving] between signifier and signified. In signs there need be no likeness" (Turner 1975, s. 150-151).

Vi stiller oss likevel tvilande til at det er rett, som Turner hevdar, at symbol vanlegvis er ikoniske. Det er ikkje vanskeleg å sjå korleis eit vilkårleg teikn kan bli til eit symbol, slik vi har eit døme på med ordet "fridom". Sjølv om ordet har ei viss denotativ grunntyding, har det gjennom bruk i ulike samanhengar og av ulike politiske grupper fått "eit mangfald av meining som kallar fram kjensler og driv folk til handling", som Cohen uttrykkjer det. Folk legg mao. heilt ulik betydning inn i begrepet. Samtidig (men kanskje nett difor!) har "fridom" blitt til eit av dei mest heilage og samlande begrepa i dei vestlege demokratia.

Det er viktig å vere klar over at eit symbol ikkje har symbolsk "kraft" i seg sjølv. Eit teikn får berre slik symbolsk kraft gjennom bruk, dvs. at teiknet blir nytta i nye og ulike samanhengar og gjennom dette får nye betydningar og kjensler knytte til seg. Holocaust blei ikkje eit symbol før folk begynte å nytte denne hendinga som referanseramme for andre hendingar. Holocaust blei mellom anna sett i samband med behovet for å opprette staten Israel: Hitlers forsøk på å utrydde jødane er det ytterste uttrykket for den utsette situasjonen jødefolket lever i så lenge dei ikkje har sin eigen stat, blei det ofte hevda. Når somme etter kvart også begynte å tale om "eit kjernefysisk Holocaust" eller omtalte massakrane i Sabra og Shatila som "Holocaust i Beirut", fekk symbolet stadig fleire lag av meining.

Symbol og metaforar

Det er eit viktig poeng at sidan symbol er så fleirtydige og vage, let det seg ikkje gjere å uttrykkje det same meiningsinnhaldet ved hjelp av omskrivingar. Dette har vi tidlegare vore inne på med metaforar, så ein kunne difor tenkje seg at symbol pr. definisjon er metaforiske. Dette blir ofte hevda i litteraturen (t.d. Hanssen-Bauer 1983, s. 37-38), utan at vi trur det er særleg fruktbart å sjå det på denne måten. Mange symbol er rett nok metaforiske, men eit symbol kan like gjerne tilførast "eit mangfald av mening" gjennom heilt andre prosessar. Vi har tidlegare vore inne på at konnotasjonar kan skapast gjennom både metaforisering og metonymisering. Det same gjeld symbol.

Symbol og politisk kontekst

Politiske symbol har som regel lite meiningsfylde og kraft i seg sjølv. Det får dei først når dei blir nytta i bestemte situasjonar og samanhengar. Symbolsk mening er difor alltid kontekstuell mening.

Dei fleste etablerte politiske symbol kan ofte verke tomme og nærmast meiningslause i det daglege. Mange nordmenn opplever t.d. nasjonaldagen 17. mai som ein slik tom seremoni, der talarar mel opp att og opp att på flosklar omkring flagg, fridom og Eidsvollsmennene i 1814. Eit skifte i den ytre politiske situasjonen kan derimot gjere at slike symbol brått blir fylte av mening, kjensler og politisk mobiliseringskraft. Det er særleg i situasjonar fylte av kriser, konflikt, dramatik og usikkerhet at slike symbol kan bli aktuelle, meiningsladde og kraftfulle.

Dette var tilfellet under den tyske okkupasjonen av Noreg under Andre verdskrigen. I desse krigsåra verka t.d. flagget, kongen og nasjonalsongen både som samlande symbol for folket og som effektive kampmiddel mot okkupantar og undertrykkjarar. Jamvel bindersar i jakkeslaget og raude toppluer på hovudet blei i denne situasjonen fylte med politisk mening i slik grad at okkupantane forbod folk å gå med dei. Paradoksalt nok er slike forbod med på å gjere politiske symbol ekstra kraftfulle og

meningsladde.

Det er og i slike situasjonar som er kjenneteikna av konflikt, usikkerhet og krise, at folk flest, og ikkje minst politikarar og beslutningstakarar, tyr til bruk av symbol for å organisere den kaotiske verkelegheten i klare og oversiktlege kategoriar og mobilisere til handling. Symbola dreg klare grenser mellom dei som er med oss, og dei som er mot oss, mellom godt og vondt, sanning og løgn, rettferd og utbyting.*

*Det vil føre for langt å presentere den empiriske analysen i eitt og same paper, men i presentasjonen vil eg gi illustrerande eksempel frå denne.

LITTERATURLISTE

- Cohen, Abner: "Political Anthropology: The Analysis of the Symbolism in Power Relations", Man, Vol. 4, 1969.
- Converse, Philip E.: "The Nature of Beliefs Systems in Mass Publics" in David Apter (ed.) Ideology and Discontent, the Free Press, New York 1964.
- Eco, Umberto: A Theory of Semiotics, the Macmillan Press, London 1977.
- Geertz, Clifford: The Interpretation of Cultures, Basic Books, New York 1973.
- Hanssen-Bauer, Jon: "Fra Abner Cohen til Pierre Bordieu: Symbolproduksjon og makt som antropologisk problemfelt", Antropolognytt, Vol. 5, No. 2-3: 36-57, 1983.
- Sherry: "On Key Symbols", American Anthropologist 75: 1338-46, 1973.
- Saussure, Ferdinand de. Course in General Linguistics, Fontana, London, 1974 (1. utg. 1916).
- Sayigh, Rosemary: Palestinians: From Peasants to Revolutionaries. Zed press, London 1979.
- Turner, V.W.: "Symbols in Ndemu Titual", i M. Gluckman: Closed Systems and Open Minds, Oliver and Boyd, Edinburgh 1964.
- Turner, V.W.: "Symbolic Studies", i B. Siegel (red.): Annual Review of Anthropology, 1975.

- Nr.419 Ole G. Austvik Amerikansk embargo av gass fra Sibir i 1982. Mulige strategier for salg av norsk naturgass. (Januar)
- Nr.420 Johan J. Holst The Evolution of East-West Relations and the Arms Control Dialogue during the Next Two Years.- A Personal forecast. (February)
- Nr.421 Janne H. Matlary Politics and Economics in International Relations. The Quest for an Analytical Framework. (February)
- Nr.422 Johan J. Holst Civilian-Based Defence in a New Era. A Keynote Address. (Febr.)
- Nr.423 Johan J. Holst The Reconstruction of Europe. A Norwegian Perspective. (February)
- Nr.424 Bruce W. Jentleson
Janne H. Matlary Export Controls and East-West Energy Trade in the 1990s. (February)
- Nr.425 Johan J. Holst The Future of Europe. A Personal Scenario. (May)
- Nr.426 Johan J. Holst The Changing European Environment. Political Trends and Prospects. (May)
- Nr.427 Margarida P. Ferreira East-West Economic Relations. A Historical View. (June)
- Nr.428 Jan Fagerberg The Process of Economic Integration. Consequences for EFTA Countries and Firms. (June)
- Nr.429 Andreas Gaarder The Prospects of an Economic and Monetary Union in Europe. A Cost-benefit analysis. (August)
- Nr.430 Johan J. Holst Global Warming and Policy Making. (October)
- Nr.431 Daniel Heradstveit Eliteintervjuing innan ramma for ein kumulativ og komparativ forskingsstrategi. (Oktober)
- Nr.432 Daniel Heradstveit Det politiske språket i Sovjetunionen. (Oktober)
- Nr.433 Daniel Heradstveit Kommunismens fall og ideologisk nyskaping. (Oktober)

PUBLIKASJONENE PÅ DENNE
SIDEN ER DE SIST UT-
KOMNE INNEN DE RESPEKTIVE SERIER.
ALLE ER Å FA SA VEL I ABONNEMENT
SOM I LØSSALG FRA :

NORSK UTENRIKSPOLITISK INSTITUTT
POSTBOKS 8159 DEP., 0033 OSLO 1

ELLER VED TELEFONISK HENVENDELSE
RETTET TIL TIDSSKRIFTKONTORET:
(02) 17 70 50 LINJE 605

IP. Kr.75 (Abonnement kr.195)
FFU. Kr. 60 (Abonnement kr.100)
NUPÅ. Kr.210 (Abonnement kr 210)

INTERNASJONAL POLITIKK

nr.3

1990

48. ÅRGANG

- Fra postkommunisme til postkommunisme
Per Egil Hegge
- Tysk gjenforening
Martin Sæter
- De Gaulles Europa-politikk
Martin Sæter
- Europa-debatten i Arbeiderpartiet
Espen Barth Eide
- Nabolandspolitikk og kald krig
Olav Fageun Knudsen
- GATT-forhandlingene om jordbruksøkonomi
Nils E. Sørgeaard
- Et norsk fiskeriprojekt i Nicaragua
Bjørn Hersoug
- Forvarsrådet
Bjørn Egge
- Bokmeldinger

NORSK UTENRIKSPOLITISK INSTITUTT

NYHETER FRA NUPI

NORSK UTENRIKSPOLITISK ÅRBOK 1989



Forum for utviklingsstudier



Nr. 1 1989 tar bl.a. opp følgende temaer:

- Bærekraftig utvikling i Sahel-området
- Perspektiv på den økologiske krisen i Rødehavsregionen
- Politikk og vitenskap i en miljøtid: orkenspredning, ozonhull, sur nedbør, drivhuseffekt, regnskoger
- Lærdommen fra 20 års bistandssamarbeid med Tanzania
- Kinas bistandspolitikk i historisk perspektiv

Nr. 2 1989 (vil foreligge i desember)

Temahefte om statens rolle i utviklingsprosessen, med bidrag fra flere disipliner (sosialantropologi, historie, offentlig administrasjon, sosiologi, statsvitenskap og økonomi).

Nr. 1 1990 (vil foreligge i april 1990)

Temahefte om bærekraftig utvikling.